



Hordaland fylkeskommune Skyss  
Att. Skyss Postboks 7900  
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/781 - 19/19798

Saksbehandlar:

Hanne Marie Evensen

hanne.marie.evensen@meland.kommune.no

Dato:

28.10.2019

## Godkjenning - GBNR 9/165 - Løyve til mellombels plassering av toalettvogn - Hjertås

**Administrativt vedtak. Saknr: 216/2019**

**Tiltakshavar:** Hordaland fylkeskommune Skyss

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om mellombels plassering av toalettvogn for bussjåførar i Skyss, på gbnr. 9/165. Toalettvogna er opplyst til å måle 3,6 m \* 2,3 m, er tilkopla straum og inneheld 2 stk. 1000 liters behaldarar der den eine inneheld reint vatn og den andre er spillvatn som dei sjølv tømmer ved behov.

Toalettvogna er omsøkt plassert på eit areal som er uregulert, men sett av til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område) i kommuneplanen sin arealdel (KPA). Meland kommune er registrert som heimelshavar.

Utval for drift og utvikling gav i møte den 03.09.2019, saksnr. 74/2019, mellombels dispensasjon frå LNF-formålet som omsøkt.

Det vert elles vist til søknad motteken 03.06.2019.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 24.10.2019 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

### VURDERING:

#### Nabovarsel

I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for nabovarsling. Ein finn at tiltaket i liten grad rårkar naboanes interesser.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

### **Lov – og planstatus**

Plassering av mellombels toalettvoan som ikkje skal plasserast for lengre tidsrom enn 2 år og som skal stå på ubyggd tomt, er eit «tiltak» etter pbl §§ 20-2, jf. 20-1 bokstav j). Ettersom det ikkje er tale om tilkopling til kommunalt vass- og avlaupsnett, vurderer kommunen det slik at tiltakshavar kan søkje sjølv, utan bruk av ansvarleg føretak, jf. pbl § 20-4 bokstav c).

Tiltaket er omsøkt plassert på gbnr. 9/165 som er uregulert, men sett at til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område) i kommuneplanen sin arealdel (KPA). I slike område gjeld det eit generelt forbod mot tiltak som ikkje er landbrukstiltak. Utval for drift og utvikling gav i vedtak datert 03.09.2019, sak 74/2019, mellombels dispensasjon frå LNF-formålet for det omsøkte tiltaket. Administrasjonen legg dette til grunn for vidare handsaming.

Tiltaket må vere i samsvar med plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter, kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplan for å kunne iverksettes, jf. pbl § 1-6 andre ledd.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 03.06.2019. På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 1,0 meter.

Avstand til offentleg veg er opplyst å vere 17,0 meter. Vegstyresmakta har i brev datert 12.06.2019 uttalt at dei vurderer at plasseringa av toalettvoana ikkje vil medføre vesentlege ulemper for drift og vedlikehald av fylkesvegen. I tillegg er det uttalt at det kan påreknast dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg 564 med avstand på 17 meter når dei mottar søknad om dette etter at saka er handsame i Meland kommune.

Vidare skal toalettvoanen plasserast på kommunen si grunn. Kommunen har i dokument av 24.10.2019 – leiekontrakt – samtykka til plasseringa.

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden, jf. pbl § 29-4.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Administrasjonen legg til grunn at tiltaket stettar krava i pbl §§ 29-1 og 29-2.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Tiltakshavar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

### **Vatn- og avlaup**

Tiltakshavar har opplyst at toalettvoana ikkje skal koplast på kommunalt vass- og avlaupsanlegg. Tiltakshavar må sjølv sørge for at avlaupet vert handtert i samsvar med forureiningslova.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsbanken.no](http://www.artsbanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

#### **VEDTAK:**

*«Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-4 c), jf. § 20-2, jf. 20-1 bokstav j), løyve til mellombels plassering av toalettvoغن på gbnr. 9/165 i ein periode på 2 år, som omsøkt i søknad journalført 03.06.02109. Grunngevinga går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.*

*Plassering av tiltaket skal vere som vist på vedlagte situasjonskart journalført 03.06.2019.*

*Toalettvogna skal ikkje koplast til kommunalt vass- og avlaupsanlegg.*

*Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.*

*Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning».*

\*\*\*\*\*

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

#### **Gebyr**

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3,28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Hanne Marie Evensen  
Juridisk rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Kart - Meland GBNR 9/165

**Kopi til:**

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
-------------------------	---------------	------	--------

**Mottakrar:**

Hordaland fylkeskommune Skyss	Att. Skyss Postboks 7900	5020	BERGEN
-------------------------------	-----------------------------	------	--------